

MEDDELELSER

FRA

DET NORSKE MYRSELSKAP

Nr. 6.

December 1922

20de aargang.

Redigert av Det Norske Myrselskaps sekretær, torvingeniør J. G. Thaulow.

FORSØK MED YMSE SORTAR AV NEPOR OG KAAL- ROT PAA MÆRESMYRA 1911—1920.

AV FORSØKSLEDAR, MYRKONSULENT HANS HAGERUP

I nedanstaaende skal gjerast greide for sortforsøka med nepor og kaalrot paa Mæresmyra fraa 1911 til og med 1920.

Desse sortforsøk har i dei fleste aar vore lagt paa nydyrka myr, og i 6 aar — 1911—12—13—14—15 og 1919 — har desse felt lege paa slik myr; i 1916—17 og 18 har dei lege paa myr 2dre, 3dje og 4de aar etter opdyrkninga og i 1920 paa eldre, godt molda myr, alle aar paa gras- eller starrmyr.

Gjødsling pr. maal: paa nydyrka myr: 100 kg. tomasfosfat, 100 kg. kainit, eller 70 kg. superfosfat og 50 kg. 20 % kalisalt (eller tilsvarende mengd av andre kaligjødselslag). Av salpeter er bruka 20—40 kg. og denne mengd er gjeve i to porsjonar, det halve ved saaning og den andra halve ved tynning. Desuten er der bruka 5—10 lass husdyrgjødsel pr. maal.

Gjødslinga dei andre aar har vore: 25—50 kg. superfosfat, 20—25 kg. 37 % kaligjødsel og 15—20 kg. salpeter, som er gjeve i to porsjonar.

Saatida har variera millom 20—30. mai og haustinga millom 1. og 15. oktober.

Nattefrost har det vore fleire aar etter at neporne hadde kome upp; men berre eit aar (1911) har det vore turvande aa saa um att paa grunn av at frosten hadde øydelagd plantarne. Ved tjukk saaning kann ein motverka frostfaren betydeleg.

Der er bruka 3 paralelrutor, enkelte aar 4, og storleiken av rutorne har vore $\frac{1}{3}$ ar (hausterute). Alle aar er dyrkinga utført paa drill med 60 cm. avstand.

I tabel 1 er framstilt resultatet for forsøka. Ein vil av denne sjaa at ikkje alle sortar har vore med i alle aar. Det er berré dales hybrid og fynsk bortfelder som har vore med i 10 aar, dei andre i stuttare tid. For aa faa rett samanlikningsgrunnlag, er dales hybrid bruka som mælestav. Gjennomsnittsinnhaldet av tørstoff er for denne i



Fig. 1. Nepefelt paa Mæresmyra 1922.

10 aar 477 kg. pr. maal og dette er sett til 100; i forhold hertil er so tørrstoffavlinga for dei andre sortar sett.

Dales hybrid har gjeve 477 kg. tørrstoff pr. maal i gjennomsnitt for 10 aar. Høgst var denne i 1920 med 727 kg., laagast i 1915 med 234 kg. Aaret 1915 var eit uvanleg raat og kaldt aar og daa hadde vi dei mindste avlingar som er teke i forsøksaara. Tørrstoffpct. er i gjennomsnitt 9,67, med laagste pct. i 1914 — 8,48 pct. og høgst i 1917 med 10,78 pct. Rotavlinga er 4954 kg. og blad 1920 kg. i gj.snit. Dales hybrid har stor bladmengd. Forholdet millom blad- og rotmasse er umlag 1 : 25.

Av tabellen vil ein sjaa at ialt 9 sortar har gjeve større avling av tørrstoff i røter enn dales hybrid. Nokre av desse har berre vore med so faa aar at ein ikkje kann seggja noko for visst um dei.

Stubbnepe (amerikansk) har vore med i 6 aar og i denne tid staar ho i forhold til mælestaven med 136 pct. i tørrstoffavling. Ho har gjeve over 100 kg. tørrstoff meire pr. maal enn dales hybrid. Laagast var avlingen i 1915 med 442 kg., høgst i 1914 med 736 kg. tørrstoff, gjennomsnitt 579 kg. Tørrstoffpct. er laag og har svinga millom 6,8 pct. i 1914 og 9,1 i 1915 — gjennomsnit 7,58 pct. Rotmassen er stor og denne var høgst i 1914 med 10830 kg., minst i 1915 med 4860 kg., i gjennomsnit 6887 kg. Bladmassen er ikkje serleg stor, berre 1116 kg. i gjennomsnit. Forholdet millom blad og rotmengd umlag 1 : 6. Sidan



Fig. 2. Øvst.: Dales hybrid 1922. Nedst.: Kvit mainepo 1922.
(Frø av dansk avl).

1916 har det ikkje vore raad aa faa fat i frø av denne nepesorten, som har vist seg aa vera dei andre so heilt overlegen med umsyn paa aa produsera stor rotmasse. Som fyrr nemnt gav ho i 1914 — 10830 kg. røter pr. maal, det er den største rotmasse, som enddaa er teke paa forsøksstasjonen, og attaat maa ein merkja seg at det var nybrott ho voks paa.

Fynsk bortfelder (langnepe), har vore med i alle 10 aar og staar med forholdstal 113. Ho har gjeve 541 kg. tørrstoff pr. maal, svingning millom 321 kg. 1915 og 762 kg. i 1920; tørrstoffpct. er 8,32 i gjennomsnit — laagste pct. 7,5 (1913) høgste 9,83 pct. (1915). Rotavlingarne er i gjennomsnit 6519 kg. — mindst 3270 kg. (1915), størst 9720 kg. (1920). Bladmengda er middels stor, 1666 kg. i gjen.snitt. Forholdet millom blad og rot umlag 1:4.

Fynsk bortfelder har i dei seinare aar vorte dyrka ganske mykje og paa myrjord viser ho seg i vaare forsøk aa staa millom dei aller fremste. Ho held sig og godt og gaar i so maate dales hybrid ein høg gang.

Østersundom (langnepe) har vore med i 6 aar og staar i



Fig. 3. Øvst.: Fynsk bortfelder 1922.
Nedst.: Østersundom.
(Frø av dansk avl).

denne tid likt med fynsk bortfelder med forholdstal 112. Ho har litt laagare tørrstoffpct. enn denne, i gjennomsnit 8,02 pct. for dei 6 aar, laagast 7,19 pct. (1920), høgst 9,34 pct. (1918); men ho gir større rotavling, i gjennomsnit 6831 kg. I 1920 gav ho 10050 kg. røter pr. maal. Bladmengda er lita, 915 kg. i gjennomsnitt for 6 aar; forholdet millom blad og røter umlag 1:7,5. Ho held seg ganske bra.

Blaa runde er ein sort som har vore med i 5 aar og har i denne tid gjeve gode avlingar. Ho kjem som nr. 2 i tørrstoffavling med forholdstal 117, men synest ikkje aa kunne halda seg serleg godt. Tørrstoffpct. er i gjennomsnitt 8,63 pct. med svingning fraa 7,76 pct. (1919) til 9,74 pct. (1916). Rotmengda er middels med 5979 kg. i gjennomsnitt for 5 aar, bladmengda er lita med 698 kg.; forhold millom blad og rot umlag 1:85.

Av andre rundnepesortar som har vore med, staar *alfa* med 109, *woltan hybrid* 106 og *greystone* med 98 i tørrstoffavling i forhold til dales hybrid. Dei to siste er vel kjente og merkjer sig ut med stor bladmengd, middels rotmengd og ikkje serleg høg tørrstoffpct., dei held seg daarleg.

Alfa har laag tørrstoffpct., i gjennomsnitt for 6 aar 6,95 pct. (laagast 6,95 pct. høgst 8,66 pct.) Rotmengda er høg; i 1920 gav ho 10170 kg. røter pr. maal (gjennomsnitt 7017 kg.) Forhold millom blad og rot umlag 1:4. I hud- og kjøtfarge er ho lik dales hybrid.

Yellow tankard liknar fynsk bortfelder, men har ikkje kunna konkurrera med denne korkje i rotmasse eller tørrstoffavling pr. maal. Tørrstoffpct. er umlag likt med denne, men bladmassen er større, umlag 1:2,5 er forholdet millom blad og rot. I tørrstoffavling i forhold til dales hybrid kjem *yellow tankard* med 84 pct.

Av *flatnepor* har *kvit mainepe* og *raud braatenepe* vore med.

Kvit mainepe har eit forholdstal paa 111. Ho er serleg rik paa tørrstoff, i gjennomsnitt for 5 aar 12,27 pct. (laagast 10,75 — høgst 14,35 pct.)

Rotavlingen er ikkje serleg stor — i gjennomsnit 4565 kg. pr. maal; men paa grunn av den høge tørrstoffpct. vert tørrstoffavlingen pr. maal ganske høg — 594 kg. Av denne nepesort er teke den største tørrstoffavling pr. maal ved forsøksstasjonen, nemleg i 1920 med 1005 kg. Bladmassen er middels, forhold millom blad og rot umlag 1:4,5. Ho held seg ganske godt men paa grunn av at røterne ofte kann ha noko uheldig form — med nedsenka bladfeste — vil det lett i dette innsøkke samla seg vatn som gjer at røterne kann rotne paa rot.

Raud braatenepe har forholdstalet 108. Rotavlingen er i gjennomsnit for 8 aar 5558 kg. med tørrstoffpct. 8,51 og tørrstoffavling 473 kg. Bladmengda er middels med forhold millom blad og rot umlag 1:4. Ho har lett for aa rotne.

Baade for mainepe og braatenepe gjeld det at dei er lette aa faa upp av jordi. men noko sein aa kaala, da bladfestet ofte er noko vidt. Dei er baae raskvaksne og passar difor godt der det er stuttare veksttid enn her.

Weibulls sekel, *weibulls seksvekors stubb* og *weibulls bortfelder* har berre vore med i 2 aar. I forhold til dales hybrid staa dei med 105, 98 og 94 % i tørrstoffavling. Tørrstoffpct. er hjaa alle tri laag med gjennomsnit for dei 2 aar 7,98, 7,74 og 7,34 %. Rotavlingen 5778 kg., 5923 kg., 5900 kg., bladavlingen 1539 kg. 1681 kg. og 1920 kg.

Av kaalrøtarne har *trondheims kaalrot* vore med dei fleste aar (7) og har i denne tid gjeve 92 % i tørrstoffavling i forhold til dales hybrid. Rotavlingen har i gjennomsnit vore 4189 kg. med 11,42 % tørrstoff — 456 kg. tørrstoff pr. maal.

Bangholm har gjeve mindre avling, berre 84 % av dales hybrid og *bertrams kvite kjempe* 75 %. Den siste har ikkje berre gjeve den mindste avling av kaalrøter, men og den simplaste. Røterne er mykje greinutt og er av den grunn seine og taka upp, daa mykje jord vert hengande med. Lett har ho for aa rotne og. Trondheims kaalrot og bangholm har gjeve røter av jamn, fin form.

Kaalrøtene har vore svert mykje utsett for *kaalflugelarva* (*chortophila brassicae*) um hausten. Desse grev seg fyrst inn i rotspissen og tek seinare heile rota. Angripne røter rotnar lett. Det ser ut som trondheims kaalrot har vore mest utsett for larva, mindre bangholm. Neporne har gaatt fri. Vi har havt kaalrøterne baade paa umpløgd voll og nybrott, men det har ikkje hjelpt noko. Angripa kann ha variera i styrke fraa aar til anna. Baade 1919 og 1921 var sterke herjingsaar.

I tabel 1 er der samanlikna tørrstoffmengda i rotavlingen. For aa faa oversyn over produsera forverde («forenheter») pr. maal skal bladmengda takast med og nedanfor er utrekna antal forverdi pr. maal for dei ulika sortar. 1 kg. rottørrstoff og 15 kg. blad er rekna lik 1 f.e. (Forverdiarne er utrekna i forhold til dales hybrid).

1.	Dales hybrid (mælestav)	605	f.e.
2.	Stubbnepe	714	»
3.	Fynsk bortfelder	652	»
4.	Blaa runde	637	»
5.	Wolton hybrid	634	»
6.	Alfa	633	»
7.	Østersundom	625	»
8.	Kvit mainepe	612	»
9.	Raud braatenepe	610	»
10.	Greystone	592	»
11.	Weibulls sekel	571	»
12.	—»— seksvekors stubb.	549	»
13.	Yellow tankard	549	»
14.	Weibulls bortfelder	536	»
15.	Trondheims kaalrot	537	»
16.	Bangholm	519	»
17.	Bertams kvite kjempe	507	»

Tabel I.

Nepor og kaalrot paa Mæresmyra 1911—1920.

Sort	1911			1912			1913			1914			1915							
	Avling pr. maal kg.			Avling pr. maal kg.			Avling pr. maal kg.			Avling pr. maal kg.			Avling pr. maal kg.							
	Blad	Røter	Tørstoff i røter pct.	Blad	Røter	Tørstoff i røter pct.	Blad	Røter	Tørstoff i røter pct.	Blad	Røter	Tørstoff i røter pct.	Blad	Røter	Tørstoff i røter pct.					
1. Dales hybrid	3200	4160	394	9,48	2261	4011	409	10,28	3190	5450	495	9,09	2610	6570	557	8,48	690	2217	234	10,55
2. Stubbnepe (amerik.)	1660	8500	604	7,06	875	5556	448	8,06	1830	8410	600	7,14	1440	10880	736	6,80	555	4860	442	9,10
3. Fynsk bortfelder	2785	5523	457	8,27	1778	4778	435	9,10	2410	7820	587	7,50	2100	7830	604	7,72	744	3270	321	9,83
4. Blaa runde	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
5. Østersundom	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
6. Kvit mainepe	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
7. Alfa	2640	4700	367	7,80	1583	5139	424	8,25	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
8. Wolton hybrid	2984	5225	417	7,98	2083	4517	389	8,62	2420	6730	494	7,34	2910	7980	648	8,12	474	3282	257	7,83
9. Raud braatenepe	1280	5120	406	7,93	778	4556	399	8,75	1650	8650	685	7,92	1860	7830	640	8,16	1149	2469	251	10,18
10. Greystone	3068	5100	377	7,40	1472	4333	382	8,82	2950	6460	430	6,67	2910	7050	472	6,69	894	2394	232	9,71
11. Yellow tankard	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
12. Weibulls sekel	—	—	—	—	1278	4656	406	8,13	1800	6900	540	7,83	—	—	—	—	—	—	—	—
13. Weibulls seksvekkors stub	—	—	—	—	1471	4750	420	8,85	1800	7095	470	6,62	—	—	—	—	—	—	—	—
14. Weib. pedigre bortfelder	—	—	—	—	1250	4389	352	8,01	2590	7410	494	6,66	—	—	—	—	—	—	—	—
15. Trondheims kaalrot Gr.	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
16. Bongholm	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
17. Bertrams kvite kjempe	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	1530	4770	516	10,82	504	2334	303	12,97

Nepor og kaalrot paa Mæresmyra 1911—1920 (forts.)

Sort	1916			1917			1918			1919			1920									
	Avling pr. maal		Tørstoff pct.	Avling pr. maal		Tørstoff pct.	Avling pr. maal		Tørstoff pct.	Avling pr. maal		Tørstoff pct.	Avling pr. maal		Tørstoff pct.							
	Blad	Røter		Blad	Røter		Blad	Røter		Blad	Røter		Blad	Røter								
1. Dales hybrid	879	4515	471	10,44	859	3929	424	10,78	1364	5030	518	10,30	1907	5773	534	9,25	2240	7880	727	9,23		
2. Stubbnepo (amerik.)	333	7606	641	8,43	—	—	—	8,21	1515	6636	633	9,54	1413	7373	596	8,08	2140	9720	762	7,84		
3. Fynsk bortfelder	667	6636	556	8,38	1050	5606	460	9,15	778	6611	520	7,87	1460	8692	674	7,76	—	—	—	—		
4. Blaa runde	273	6000	584	9,74	545	5434	497	7,80	1081	7090	662	9,34	1227	7853	638	8,12	1380	10050	723	7,19		
5. Østersundom	667	6879	525	7,63	677	6102	476	444	3242	349	10,75	899	4484	610	13,60	1040	4747	497	10,48	1960	1005	14,35
6. Kvit mainepo	303	3364	509	12,16	990	6700	516	7,70	1070	7110	606	8,66	1393	8280	662	8,00	2535	10170	707	6,95		
7. Alfa	—	—	—	—	—	—	—	8,90	1747	6293	525	8,34	2080	7787	572	7,35	—	—	—	—		
8. Wolton hybrid	1273	4970	443	8,92	1373	5013	424	8,46	1899	5858	536	9,15	—	—	—	—	—	—	—	—		
9. Raud braatenepo	1242	6030	440	8,73	1020	5510	457	8,30	1444	6424	563	8,77	1640	6993	587	8,39	—	—	—	—		
10. Greystone	—	—	—	—	1323	4939	387	7,83	1949	3772	334	8,85	1800	5773	499	8,65	2080	8300	622	7,49		
11. Yellow tankard	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—		
12. Weibulls sekel	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—		
13. Weibulls seksvekers stub	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—		
14. Weib. pedigre bortfelder	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—		
15. Trondheims kaalrot Gr.	777	4606	543	11,78	1323	3505	407	11,63	1035	3484	485	12,61	1093	3453	377	10,92	1850	6110	564	9,23		
16. Bangholm	—	—	—	—	1444	2969	336	11,33	1566	2919	363	12,43	920	3307	435	13,14	2390	6440	676	10,49		
17. Bertrams kvite kjempe	—	—	—	—	1353	2738	325	11,86	1212	2909	382	13,14	—	—	—	—	—	—	—	—		

Nepor og kaalrot paa Mæresmyra 1911—1920 (forts.)

Sort	Gjennomsnit for alle aar				Dales hybrid motsvarende aar				Forholdstal naar Dales hybrid = 100		
	Avling pr. maal kg.			Tørstoff i reter	Avling pr. maal kg.			Tørstoff i reter	Blad	Røter	Tørstoff
	Blad	Røter	Tørstoff		Blad	Røter	Tørstoff				
	pct.			pct.			pct.				
1. Dales hybrid	1920	4954	477	9,67	—	—	—	100, —	100, —	100, —	
2. Stubbnepe (amerik.)	1116	7637	579	7,58	2138	4488	427	52, —	170, —	186, —	
3. Fynsk bortfelder	1666	6519	541	8,32	1920	4954	477	87, —	132, —	118, —	
4. Blaa runde	698	5979	511	8,63	1140	4293	436	61, —	139, —	117, —	
5. Østersundom	915	6831	545	8,02	1323	4891	485	69, —	140, —	112, —	
6. Kvit mainepe	929	4565	594	12,27	1450	5425	535	64, —	84, —	111, —	
7. Alfa	1719	7017	547	7,90	1972	5130	501	87, —	137, —	109, —	
8. Wolton hybrid	1999	5911	474	8,04	2010	5232	446	100, —	113, —	106, —	
9. Raud braatenepe	1408	5558	473	8,51	1882	4486	439	75, —	124, —	108, —	
10. Greystone	1849	5588	438	7,96	1884	4629	449	98, —	121, —	98, —	
11. Yellow tankard	1788	5696	467	8,21	1593	5652	551	94, —	101, —	84, —	
12. Weibulls sekel	1539	5778	473	7,98	2725	4731	452	112, —	122, —	105, —	
13. Weibulls seksvekkors stub	1681	5923	445	7,74	2725	4731	452	57, —	125, —	99, —	
14. Weib. pedigre bortfelder	1920	5900	423	7,34	2725	4731	452	62, —	125, —	94, —	
15. Trondheims kaalrot Gr.	1152	4189	456	11,42	1507	5131	495	71, —	125, —	94, —	
16. Bongholm ²⁾	1580	3909	453	11,82	1593	5652	551	77, —	82, —	92, —	
17. Bertraams kvite kjempe	1283	2824	354	12, —	1112	4479	471	99, —	69, —	75, —	




Fig. 4. Grafisk framstilling for rot-, blad- og tørstoffavling.

Stubbnepe kjem enndaa som nr. 1, og fynsk bortfelder som nr. 2. Blaa runde, wolton hybrid, alfa og østersundom kjem nokonlunde likt, etter dei kjem kvit mainepe og braatenepe med dales hybrid som nr. 9.

Fig. 4 viser ein grafisk framstilling for rot-, blad- og tørrstoffavling for ein del av dei prøvde nepe- og kaalrotsorter. Dei paaskrevne tal er gjennomsnittstal for 10 aar (1911—1920) utrekna i forhold til dales hybrid. Ein bør merka seg at mælestaven for tørrstoffavling er dobbelt saa stor som for rot og blad.

Nepfelt 1921.

I tabel 1 er ikkje medteke avlingstala for 1921. Aarsaken til dette er at det aaret var so ekstraordinært med umsyn paa vertilhøva at det vil vera rettast aa framstilla resultatet for seg sjølv. Aaret var regnfullt og kalt. Medan normal nedbør i vekstida mai—sept. er 298 m/m so var denne i same tidsrum i 1921 541 m/m, altsaa 243 m/m over normalt. Ein vil forstaa at dette maatte setja sit merke paa plantevekster., det viste seg for neporne og. Avlingen vart ikkje serleg stor: men det som ein serleg maatte merka seg var at neporne stokklaup svært mykje, og dette maa tilskrivast det ugunstige veret.

Feltet var lagt paa godt molda grasmyr. Neporne vart saad 18. mai, og gjødslinga var: 5 lass husdyrgjødsel, 30 kg. superfosfat, 30 kg. 40 % kalisalt, 20 kg. norgessalpeter ved saaning og 20 kg. ved uttyninga — alt pr. maal. Feltet vart hausta 23. oktober.

Resultatet er framstilt i tabell 2.

Tabel 2.

Nepfelt 1921.

Sort.	Planteantal pr. maal	Derav stokklauparar	Pct. stokklauparar	Avling pr. maal		Torstoff pct. i røter	Kgr. tørrstoff pr. maal
				Røter kg.	Blad kg.		
1. Dales hybrid	6160	490	8	4870	2430	8,20	399
2. Kvit mainepe Gr.	7180	2740	38	3870	1500	9,23	357
3. —»— Forus	7250	2780	38	3790	2160	—	—
4. Østersundom	5810	1240	21	5660	1430	8,02	454
5. Yellov tankard	6080	4180	69	3360	3210	7,80	262
6. Fynsk bortfelder	5600	3400	61	3890	2600	8,32	324
7. Wolton hybrid	5700	2960	52	3320	3030	8,00	266
8. Bangholm kaalrot	7190	4200	58	2490	2520	11,21	279
9. Trondheims »	6880	1130	16	3330	1510	11,26	375

Av tabellen vil det gaa fram at østersundom har gjeve den største tørrstoffavlingen pr. maal — 454 kg. og høgste rotavling — 5660 kg. Naar ein tek omsyn til det ugunstige ver under vekstida, so er det ein rett bra avling.

Dales hybrid har gjeve 399 kg. og som nr. 3 kjem trondheims kaalrot med 375 kg. Fynsk bortfelder, som i 10 aaret 1911—20 staar som ei av dei bedste i tørrstoffavling, kjem dette aaret som nr. 5 med 324; kvit mainepe kjem som nr. 4 med 357 kg.

Av tabellen vil ein og sjaa at nepor og kaalrot har stokklaupe i stor utstrekning, men ikkje alle i lik høg grad. Dales hybrid har det mindste antal stokklauparar 8 %, dinæst trondheims kaalrot 16 % og østersundom 21 %. Dei andre har nokso mykje stokklauparar, høgst i so maate en fynsk bortfelder 61 % og yellow tankard med 69 %. Ein vil forstaa at her lig ein av grunnane til at ymse sortar i gode aar staar millom dei aller fremste i ugunstige aar vert underlegne paa grunn av stokklauping. Aaret 1921 sette sortarne paa hard prøve i den vegen. Best har dales hybrid, østersundom og trondheims kaalrot kunna motstaa det ugunstige veret, daarligst yellow tankard, wolton hybrid og fynsk bortfelder.

Tørrstoffpct. er for dei flest sortar lægre i 1921 enn gjennomsnittet for dei same sortar i 10-aaret 1911—20, men skilnaden er ikkje serleg stor.

Som fyrr framhalde har desse nepe- og kaalrotfelt dei aller flesta aar vore lagt paa nydyrka myr eller 2de og 3de aaret etter oppdyrkinga; dette har og hat sin innverknad paa storleiken av avlingen.

Nepor passar ikkje godt paa nybrote myr, dei vil helst ha jord som er godt smuldra og dei fleste sortar fordrar djuparbeidt jord; dette er ikkje godt aa faa til paa nybrote myr som er seig so ho ikkje smuldrar godt og heller ikkje kann ho bli arbeidt djupt nok. Anleis vil dette stilla seg paa myrjord som har vore i kultur nokre aar (7—8 aar). Myra er her betre molda og daa smuldrar ho lett for reid-skap. Berre eit aar — 1920 har feltet lege paa slik god myr og ein vil av tabellen sjaa at dette aaret har gjeve høg avling.

Aa samanlikna dette aaret med dei andre for aa visa kor betre eldre myr er til nepor enn nybrote myr, gaar ikkje ann, daa vertilhøva sjølv sagt er ulikt fraa aar til anna. Ved aa leggja eit felt paa nyland og eit paa eldre myr fekk ein prøve innverknaden av jordi sin kultur-tilstand paa neporne.

I aara 1911 til og med 1915 har neporne vore dyrka paa nybrote myr. Resultatet for desse aar skulde visa korleis dei ulike sortar høver paa den slags myr. I tabel 3 er dette framstillt.

Stubbnepe kjem her og høgst med 566 kg. pr. maal i tørrstoffavling i røter. Fynsk bortfelder vert nr. 2 med 481 kg. og raud braatenepe med 476 kg. Ein skulde tru at braatenepe hadde lettare for aa hevda seg paa nybrote myr enn fynsk bortfelder, som skulde ha større krav til djuparbeidt jord, men etter desse forsøk staar bortfelder litt høgre i avkastnad. I to aar har braatenepe gjeve større tørrstoffavling

Tabel 3.

Samandrag fraa nepesortfelta

Sort	1911				1912				1913			
	Avling pr. mål i kg.			Tørrstoff pct.	Avling pr. mål i kg.			Tørrstoff pct.	Avling pr. mål i kg.			Tørrstoff pct.
	Blad	Røter	Tørst. i røter		Blad	Røter	Tørst. i røter		Blad	Røter	Tørst. i røter	
Dales hybrid . . .	3200	4160	394	9,48	2261	4011	409	10,20	3190	5450	495	9,09
Stubbnepe . . .	1660	8560	604	7,06	875	5556	448	8,06	1830	8410	600	7,14
Braatenæpe . . .	1280	5120	406	7,93	778	4556	399	8,75	1650	8650	685	7,92
Fynsk bortfelder .	2785	5523	457	8,27	1778	4778	435	9,10	2410	7820	587	7,50
Wolton hybrid .	2984	5225	417	7,98	2083	4517	389	8,62	2420	6730	494	7,34
Greystone	3068	5700	377	7,40	1472	4333	382	8,82	2950	6460	430	6,67

enn bortfelder, 1913 og 1914. Kvit mainepe vilde kanskje ha gjeve noko meire enn braatenepe. Dales hybrid og greystone har gjeve mindst avling paa nybrote myr — 418 kg. og 379 kg. rottørrstoff pr. maal. Stutt samandrag av forsøka:

1. Nepor og kaalrot gjev jamt gode avlingar paa myrjord. Ein bør merka seg at dei fleste aar forsøka har gaat, har rotfrukterne vokse paa nybrote myr.
2. Største tørrstoffavling i røter pr. maal har amerikansk stubbnepe gjeve, dinæst blaa runde, so fynsk bortfelder og østersundom. Kvit mainepe har og gjeve god avling. Dales hybrid har gjeve noko mindre avling enn dei nemde.

Til dyrkning paa myrjord under liknande vekstvilkaar som her, kann i fyrste rekke tilraadast fynsk bortfelder som og held seg godt ved lagring. Østersundom er og bra. Kvit mainepe vil passa godt paa myrjord der veksttida er stuttare enn her.

Til oppføring om hausten og fyrejulsvintereu kann tilraadast aa dyrka stubbnepe eller blaa runde; dei held seg mindre godt.

3. Kaalrøterne har gjeve mindre avling enn neporne. Best er trondheims kaalrot og bangholm. Kaalrøterne har vore mykje utsett for angrep av kaalflugelarva, det synest som trondheims kaalrot har vore meire utsett for denne enn dei andre. Av den grunn bør ikkje kaalrøterne dyrkast i nokon stor utstrekning paa myrjord.
4. I ugunstig ver, kalde og regnfulle sumrar (1921) har dei ulike sortar stokklaupe i ulik grad. Best har dales hybrid klara seg mot

paa nybrote myr 1911—1915.

1914				1915				Gj.snitt alle år				Tørstoff i forhold til Dales hybrid
Avling pr. mål i kg.			Tørstoff pct.	Avling pr. mål i kg.			Tørstoff pct.	Avling pr. mål i kg.			Tørstoff pct.	
Blad	Røter	Tørst. i røter		Blad	Røter	Tørst. i røter		Blad	Røter	Tørst. i røter		
2610	6570	557	8,48	690	2217	234	10,55	2390	4482	418	9,33	100
1440	10830	736	6,80	555	4860	442	9,10	1272	7643	566	7,41	135
1860	7830	640	8,16	1149	2469	251	10,18	1343	5725	476	8,31	114
2160	7830	604	7,72	744	3270	321	9,83	1975	5844	418	8,23	115
2910	7980	648	8,12	474	3282	257	7,83	2174	5547	441	7,95	106
2910	7050	472	6,69	894	2394	232	9,71	2259	5067	379	7,48	91

stokklauping, 8%, trondheims kaalrot 16% og østersundom med 21% stokklauparar. Daarlegast i so maate har yellow tankard vore med 69% og fynsk bortfelder med 61% stokklauparar.

SELLSMYRENS OPDYRKNING

OM dette spørsmål har »Meddelelserne« tidligere indeholdt flere artikler, og der blev dengang agitert kraftig for realisation av planen om disse store arealers bedre utnyttelse, likesom myrselskapet ogsaa i en aarrække bekostet forsøksdyrkning paa Sellsmyrene.

Som bekjendt besluttet Stortinget i forbindelse med jernbanens fortsættelse nordover fra Otta, at der samtidig skulde sørges for at faa Sellsmyrene uttappet og bevilget midler hertil. Denne plan blev dog ikke befulgt i den forønskede utstrækning dengang jernbanen blev bygget langs Sellsmyrene, idet vandstanden i Gudbrandsdalslaagen kun blev sænket saa meget, som var nødvendig for jernbanen, men derimot ikke tilstrækkelig for opdyrkingen.

Senere har det længe været noksaa stille om denne sak, men nu synes det glædeligvis som om uttappingen og opdyrkingen skal bli til virkelighet. Landbruksministeren, fylkesmanden og andre autoriteter har nylig foretat en befarung, og statsraad *Five* uttalte, at han vil forelægge saken for Stortinget. Til forskjellige reguleringsarbeider er der forøvrig allerede bevilget et beløp og disse arbeider er allerede paabegyndt.

Sellsmyrenes saga er forhaabentlig snart slut og istedet faar reisende med Dovrebanen se *Sellsbygdens* velstelte gaarde med bugnende aker og eng.